

# PRESSEMELDING

## På tide med tvang i klimakampen

*Du og eg må ta støyten dersom samfunnet skal nå klimamåla. Og sidan vi ikkje er flinke og motiverte nok til å bidra fullt ut på friviljug bases, må vi «tvingast». Slik konkluderer forskarane etter ei stor europeisk studie.*

Carlo Aall og Karen Moberg ved Vestlandsforsking er medforfattar av studien, og meiner vi som samfunn ikkje har noko val:

– Påstanden om at "vi får ikkje folk til å slutte å fly" er ofte basert på spørsmål som "Vil du friviljug slutte å fly?". Svaret blir då rimelegvis nei. Men vi får andre svar gjennom bruk av såkalla strategiske spel; då får vi fram djupare tankar om kva folk meiner ut frå ulike føresetnader. Desse svara opnar nye rom i klimapolitikken, vi ser at folk godtek visse grader av tvang, også på det vanskelege flyområdet.

Studien, som er ført i pennen av forskarar frå Vestlandsforsking og 10 andre europeiske institutt, undersøkte korleis over 300 hushald i fire byar i Frankrike, Norge, Tyskland og Sverige stilte seg til ulike forslag om å endre sitt eige forbruk. I Noreg omfatta studien hushald i Bergen. Nokre konklusjonar:

\* Hushalda etterspør større grad av «tvang» for dermed å sikre at naudsynte forbruksendringar omfatta «alle» - ikkje berre dei få som er viljuge til å vere «den rare grøne familien i gata».

\* Etterisolering av bustaden, kjeldesortering av avfall og reduksjon i kvardagskøyring med bil er eksempel på område som har stor politisk merksemd og område der hushalda er villige til å endre forbruket frivillig. Dette er ikkje tilfelle for flyreiser og kosthaldsendringar.

\* Hushald med låg inntekt er meir villige til å akseptere radikale endringar av forbruket i klimavenleg retning enn dei med høg inntekt. Måletta tiltak på strategiske tidspunkt i livet – som når folk bestemmer kvar dei skal bu og om dei skal kjøpe bil - kan difor vera svært effektive.

\* «Tvang» kan vere forbod og avgifter, men for å få aksept for meir «tvang» må dette kombinerast med positive økonomiske verkemiddel (eks tilskot) og betre tilbod av klimavenlege løysingar, t.d. må tiltak som dyrare fly kombinerast med betre kollektivtransport

**Fire metodar:** Studien bygger på fire metodar: (1) Eit nettbasert skjema der hushalda svarar på spørsmål om sitt økonomiske og fysiske forbruk; (2) eit «heim-hos» klimaspel rettleia av forskarar; (3) «heime-hos» intervju 2 månader etter gjennomføring av klimaspelet; og (4) ei kartlegging av eksisterande klimapolitiske verkemiddel nasjonalt og i heimbyane til hushalda.

Les den nyaste artikkelen frå studien her: <https://www.sciencedirect.com/science/article/pii/S221462961831031>